

VARSEL OM FJERNING AV UTSTYR Plassert utan tillating på kommunal grunn

Til: Fast Eigedom AS/ Hauge Forskaling AS

v/Harald Hauge

Vi viser til utstyr og anna plassert på kommunalt festa eigedom 143/152, 143/156 og kommunal eigedom 143/226, og tidlegare pålegg om opprydding.

Gjenstandar plassert på eigedommane forhindrar no oppstart av anleggsarbeid noko som medfører forseinkingar i arbeid og ekstra kostnader for kommunen.


Fast Eigedom AS/Hauge Forskaling AS v/dagleg leiar Harald Hauge som eigar av gjenstandar plassert på tomtene, har fått fleire varsel om fjerning utan at vi ser at dette er blitt følgt opp.

Sidan dette no skapar problem for framdrifta av anleggsarbeid informerer vi hermed at Kvinnherad kommune som grunneigar sjølv vil setja i gang rydding av gjenstandar som ikkje er fjerna frå eigedom 143/156 og eigedom 143/226 innan måndag 29 september.

Gjenstandar som ikkje er fjerna til denne tid, vil kommunen sjølv fjerne og sende til skrap utan ytterlegare varsel.

Kostnader knytt til fjerning og eventuell lagring vil bli kravd dekkja av eigar.

Rosendal 25.09.2025



Kvinnherad kommune

Leif Ove Mikkelsen

Kommunedirektør